



# Stranda kommune

Oppdatert per august 2012

## PRIVAT REGULERINGSPLAN OVERSENDING AV KOMPLETT PLANFRAMLEGG TIL OFFENTLEG ETTERSYN

---

Komplett planframlegg skal sendast til Stranda kommune sitt postmottak; [post@stranda.kommune.no](mailto:post@stranda.kommune.no)

Planframlegg som ikkje er komplett i samsvar med plan- og bygningslova og krava under, vert ikkje teke opp til handsaming før tiltakshavar har gjort endringar/suppleringar. Materialet skal vere 100% eintydig og lett leseleg. Nynorsk skriftspråk skal i prinsippet nyttast. Dokumenta skal leverast i pdf-format dersom ikkje anna er avtalt.

Oppstartmøte med kommunen er obligatorisk, og det vil der vere avklara kor vidt planarbeidet utløyser krav til planprogram og ev. konsekvensutgreiing, som då også må ligge ved oversendinga til offentleg ettersyn.

- **Oversendingsbrev**

”Komplett planframlegg” skal tydeleg gå fram av brevet, som skal vere signert av planfremjar og ha komplett liste over alle vedlegg.

- **Plankart**

Kart i målestokk 1:1000 el. 1:2000, pdf i A3 versjon, samt SOSI-fil. Det skal nyttast Euref koordinatsystem 22. Det vert vist til SOSI produktspesifikasjon reguleringsplanforslag versjon 4.31 (MD 10.03.11). I tittelfeltet skal planID, oppstartvedtak og dato gå fram. Plandato er dato for etablering av kartet. Alle revisjonsdatoar skal gå fram i tittelfeltet.. Andre aktuelle kart, som vegprofil, V/A-plan m.v. leggast ved etter avtale

- **Planomtale med føresegner**

Planomtalen skal innehalde:

- Skildring av tiltak/føremål med planarbeidet, hovudinnhald og verknader
- Planen sitt forhold til rammer og retningslinjer som gjeld for området
- Vurdering etter naturmangfaldlova
- Innspel/merknader til planarbeidet skal vere referert og det skal gå fram korleis desse er ivaretake og vurdert
- Aktuelle illustrasjoner
- Samandrag av ev. utgreiingar som er ein del av beslutningsgrunnlaget
- **Føresegner** i samsvar med plan- og bygningslova § 12-7. Føreseggnene skal kunne stå for seg sjølv som eige dokument, dvs. med overskrift og aktuelle datoar.

- **Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS)**

Fylkesmannen si sjekkliste for ROS skal nyttast.

- **Kopi av kunngjeringsannonse og varslingsbrev**

- **Kopi av planomriss vedlagt oppstartvarsel**

- **Kopi av alle innspel til oppstart**

Dokumenta skal vere samla i eitt pdf-dokument.

- **Ev. utgreiingar eller andre avklaringar**

Overordna plan for vatn og avløp (jf. Lokal forskrift om VA §6), støyvurderinger, skred- og flaumfarevurderinger, biologisk mangfold rapportar, utvida bruk av avkøyrslle m.v.

- **Digital kartframstilling**

Det skal nyttast Euref koordinatsystem 22. Det vert vist til SOSI produktspesifikasjon reguleringsplanforslag versjon 4.31 (MD 10.03.11) med utført SOSI-kontroll.